



Gruppe 2 var like fornøgde som alle dei andre gruppene.

Nyskapinga Festidagen er no i gang på andre dagen, og etter å ha besøkt nokre av stasjonane, kan vi slå fast at dette er ein kjempesuksess. I dag har vi besøkt den gruppa som lagar fabeldyr på Stemneplassen. Der vart vi møtt av kjempestemning. Både leiarar og deltakarar kosa seg. Til og med sola var imponert og kom på besøk.



Rocke-Skilpadda vert frisert.

Alle ungane i alderen 5 - 9 år var i kjempehumør, og leiarar storkosa seg verre.

- Endeleg får vi lov til å leika oss litt! Det er så gøy, og så er det så kjekke og kreative ungar, seier ein av leiarane Brit Inger Bø. Saman med Johanne Teigen og Monica Svellingen-Hammer leiar ho den største aktivitetsgruppa under Festidagen. Tilsaman er 23 ungar med på fabeldyrgruppa fordelt på 4 grupper torsdag og fredag.



Magen til Rocke-skilpadda vert forma. Ein skikkeleg tjukkas!

Då vi stakk innom fredag føremiddag heldt dei på og forma ein skikkeleg fin raring. Det var Rocke- Skilpadda som mellom anna hadde rosalilla hår! Nokre arbeidde med hovudet, medan andre heldt på med kroppen. Akkurat då vi var der var Rocke-Skilpadda hos frisøren.



Mina Vetrhus lagar kjempeflott Fabelkatt

Då det vart spurt etter meir konkret namn var gruppa delt; - gutane tviheldt på at det var mann, medan jentene var fast bestemt på at det var dame. Dermed er kanskje det kjønnsnøytrale namnet Rocke-Skilpadda det beste.



Glade deltakarar på gruppe 1 torsdag.

Fabeldyra som vert laga, vert utstilt ved ingangen til konsert området. Der vert dei utstyrt med lys om kvelden. Det vert ein flott og artig mottakskomitè til alle konsert gjengarane. Alle deltakarane på Fabeldyrgruppene vert premiert. Velfortent!! Dei får kvar sin sekk med drikkeflaske og ballong. Premien er sponsa av DNB.

Det er kjekt å oppleve den gode stemninga blant dei yngste! Akkurat den flotte stemninga som gjennomsyrrar heile Festidalenarrangementet!



[Fabeldyrgruppe 3 saman med Rocke-Skilpadda.](#)

Desse kjekke ungane var med på fabeldyrgruppa: Adina Bø Røssland, Mathias N. Børve, Noah Hjelmeland, William Hjørnevåg, Olve S. Tveit, Pål Ingmar Haugland, Nikolai Vågen, Stine Clementsen, Linnea Enes, Oliver Enes, Benjamin M. Matiesen, Mina W. Vetthus, Sigrī Lekva, Geir Hillestad, Norah Hjørnevåg, Trym Træet, Henriette Gjerde, Mia Wiedemann, June Marie S. Bjelland, Marcus Mathisen, Rikke S. Bjelland, Aurura Mathisen og Anine Enes.



Fabeldyra vert stilt ut ved inngangen og vert ein flott mottakskomitè. To av dei kom på plass torsdag.

Tekst: Thor Inge Døssland

Foto: Brit Inger Bø og Thor Inge Døssland.